



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
17.04.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3958- 461.5
Dykkar referanse

Askvoll kommune
Postboks 174
6988 Askvoll

Askvoll kommune - løyve til sprenging, mudring og dumping i Værøy hamn

Fylkesmannen gir Askvoll kommune løyve etter ureiningsregelverket til sprenging og mudring i innseglinga til Værøy hamn i Askvoll kommune. Vi gir samstundes løyve til dumping av mudrings- og sprengingsmassane i sjøen utanfor moloen nord for for mudringsområdet. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må vere starta opp innan to år.

For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyvet, må det betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad frå Sweco Norge AS datert 15.11.2017, som på vegner av Askvoll kommune (søkker om løyve til sprenging, mudring og dumping i og ved Værøy hamn.

Verksemdene i Værøy hamn treng større seglingsdjupne inn til hamna og ved kaiene slik at større båtar kan gå inn. Tiltaket går ut på å mudre og sprengje ned til 6-7 m djupne. Mudrings- og sprengingsmassane er planlagt dumpa på nordsida av eksisterande molo. Tiltaket omfattar mellom 1500 og 2000 m³ sediment, stein og fjell over eit areal på vel 1500 m².

Med heimel i kapittel 22 i Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforkrifta), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Askvoll kommune løyve til å mudre og sprengje opptil 2000 m³ massar på sjøbotnen i innseglinga og ved kaiene i Værøy hamn. Samstundes gir vi løyve til å dumpe sprengings- og mudringsmassane på djupt vatn utanfor moloen nord for utdjupingsområdet. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i to år. Dersom tiltaket ikkje vert starta opp innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid før oppstart søkjast om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet:

1. Sprenging, mudring og dumping skal utførast innanfor området som er vist på kart og foto i søknaden.
2. Mudring, sprenging og dumping må utførast ved rolege vind- og bølgetilhøve.
3. Lausmassar på sjøbotnen i området der det skal sprengast, må vere fjerna før sprenginga tek til. Det øvste laget (0-10 cm) skal mudrast først og leggjast kontrollert nedst i deponiet.
4. Mudringsarbeidet skal utførast med lukka grabb eller skuffe med hydraulisk lokk.
5. Dumping av sediment må gjennomførast på ein måte som i minst mogleg grad fører til spreieing av ureining.
6. I førekant av sprengingane skal det skytast skremmeskot slik at fisk i området får høve til å rømme unna.

7. Mudring, sprenging og dumping skal gå føre seg på ein slik måte at det vert teke omsyn til fisk og andre sjølevande dyr i området som vert påverka av tiltaket. Det skal nyttast sekvensiell sprenging. Borehol må tettast (fordemmast).
8. Mudring, sprenging og dumping skal utførast på ein måte som i størst mogleg grad hindrar plastrestar frå skyteleidningar i å spreie seg i vassmassane eller flyte opp til overflata. Det må nyttast elektroniske tennarar. Eventuell plastureining må samlast opp og leverast til godkjent avfallsmottak.
9. I samband med sprenging og dumping må det vere tilgang på utstyr, t.d. lenser, som kan fange opp eventuell plastureining som flyt opp. Tiltaksområdet og områda i nærleiken må overvakast og ev. ryddast i tida etter at tiltaket er avslutta.
10. Ålmenta og Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gang.
11. Dersom det oppstår unormale tilhøve som anten har ført til eller kan føre til ureining, skal tiltakshavar straks melde i frå til Fylkesmannen.
12. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert opp mot dei vilkåra som er sette i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført, og han skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk er sprengt og mudra og kor mykje som er dumpa (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane i sjø (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
 - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk
 - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg

Omtale av tiltaket

Askvoll kommune ynskjer å utdjupe innseglinga og viktige kaifrontar ved Værøy fiskerihamn på Værlandet. Området er regulert til hamn og næring. Utdjupinga vil medverke til å sikre vidare næringsverksemd i området. Arbeidet omfattar mudring og sprenging i sjøbotnen og dumping av sediment- og steinmassar.

Tiltaksområdet utgjer innseglinga til Værøy hamn med tilhøyrande kaiar for større båtar. Sjøbotnen består av stein og eldre steinfyllingar ned til 4 m djupne. Det grunnaste området består av fjell og stein med noko lausmassar. I dei djupare områda består sjøbotnen av sandige sediment over fjell. Etter utdjupinga vil djupna vere på seks til sju m, og mesteparten av den nye sjøbotnen vil bestå av fjell. Utanfor moloen nordvest for utdjupingsområdet, har Værøyrenna ei djupne ned mot 50 m. Sjøraust for tiltaksområdet har den indre delen av hamna ei vassdjupne på tre til fire m.

For å få ynskt djupne, må det mudrast og sprengast til saman 1500 - 2000 m³, dvs. opptil 1000 m³ sediment og 1000 m³ fast fjell. Arealet som skal mudrast og sprengast, er på om lag 1200 m². Det var i utgangspunktet utgreidd to alternativ for handtering av sediment- og sprengsteinmassar. Massane kunne anten dumpast på sjøbotnen, eller dei kunne takast på land og deponerast på eit industriområde. Det vart til slutt berre søkt om å få dumpe massane i sjøen.

Mudrings- og sprengingsmassane var først planlagt dumpa på to lokalitetar. Sedimenta skulle dumpast like vest for ytre kai, medan steinmassane skulle dumpast på steinfyllinga langs ytterkanten til moloen. I samband med høyring av søknaden, kom Kystverket med ei fråsegn der dei meiner at også sedimenta bør dumpast nord for moloen, på same staden som steinmassane. Sedimenta må leggjast nedst i deponiet og dekkast over med steinmassane.

Det er usikkerheit knytt til både mengd sandig sediment og til stabiliteten til dei eksisterande steinfyllingane under kaiane. I 2016 utarbeidde Sweco miljøteknisk dokumentasjon med tilhøyrande tiltaksplan for utdjuing av innseglinga til Værøy hamn. I denne rapporten rår dei til oppmåling av sjøbotnen og kontroll av eksisterande kaiar, før tiltaket kan startast opp.

Det er teke prøvar av sedimenta i mudringsområdet. Desse vart analyserte for tungmetall og organiske miljøgifter. I tillegg vart det målt kornfordeling, tørrstoff og totalt organisk karbon (TOC).

Resultata viser ureining med polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH) og til dels tributyltinn (TBT) over gitte grenseverdier. Ein av prøvane inneheldt i tillegg for høge konsentrasjonar av kopar og bly. Det er ikkje teke prøvar av sjøbotnen utanfor moloen sidan det i utgangspunktet berre var planlagt å dumpe stein der.

Høyring

Søknaden var ute på høyring i tida 02.-22.02.2018. Han vart send direkte til aktuelle naboar, Askvoll kommune, Fiskeridirektoratet region vest, som også har høyrte Sogn og Fjordane Fiskarlag, Sogn og Fjordane fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum og Kystverket. Han har også vore utlagt til offentleg gjennomsyn ved tenestetorget i Askvoll kommune og høyrd gjennom heimesida til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Følgjande fråsegner kom inn:

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknader til søknaden.

Sogn og Fjordane Fiskarlag seier at «HAFS Fiskarlag og tidlegare Askvoll Fiskarlag var dei som tok initiativ til mudring av hamna. Dei har elles hatt god dialog med kommunen gjennom heile prosessen og kan difor gå inn for prosjektet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum: Søknaden har vore til vurdering ved Bergen Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til at det finst kulturminne ved Værøy hamn som kan bli direkte råka av tiltaket det er søkt om. Dei har heller ikkje nokon indikasjonar som tyder på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Tiltaket er i tillegg av mindre storleik. Museet har difor ingen merknad til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Museet gjer difor merksam på at tiltakshavar pliktar å gi melding til dei dersom det under arbeidet vert funne skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Kystverket rår til at både sediment- og steinmassar vert deponerte nord for moloen, og at steinmassane vert lagde oppå sedimentmassane.

Værlandet Havhotell har merknad til alternativet med å legge mudrings- og sprengingsmassar på land på deira eigedom. Dei meiner at denne eigedomen ikkje lenger er regulert til industriføremål, og at deponering av steinmassar på land vil kunne få negative følgjer for deira verksemd. Værlandet Havhotell er elles svært positive til arbeidet som er sett i gang med utmudring av Værøy hamn.

Askvoll kommune har ingen merknader til tiltaket og er positive til utdjuing og utfylling, då dette er i tråd med kommunen sitt planverk.

Tiltakshavar sine merknader til innkomne fråsegner

Askvoll kommune har ingen merknader til fråsegnene frå Sogn og Fjordane fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum og Kystverket. Når det gjeld fråsegna frå Værlandet Havhotell, så meiner søkjar at fråsegna er vurdert ut frå Sweco sin rapport om moglege stader for dumping i sjø og deponering og deponering på land. Deponering på land er eit alternativ for lagring som det ikkje er søkt om.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

Sprenging, mudring og dumping i sjø, når tiltaket vert utført frå skip / lekter, vert regulert etter kapittel 22 i ureiningsforkrifta, som gjeld mudring og dumping frå fartøy. Slike tiltak krev løyve frå Fylkesmannen, jf. § 22-6 i forskrifta.

Ved avgjerda om vi skal gi løyve, legg vi vekt på moglege ulemper knytte til ureining, haldne opp mot fordelar og ulemper som tiltaket elles vil kunne føre til, jf. ureiningslova § 11.

Fylkesmannen skal også vurdere tiltaket etter vassforskrifta og §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Ureiningssituasjonen

I tiltaksområdet skal det mudrast og sprengast ned til kote -6-7. Tiltaket det er søkt om løyve til, er i følge Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2015), klassifisert som eit mellomstort tiltak dvs. at mengd massar som det er søkt om løyve til å sprengre/mudre og dumpe, til saman utgjer mellom 500 m³ og 50 000 m³. Tiltak i denne storleiken utløyser krav om sedimentgransking. For mudre- og dumpetiltak kan det elles vere naudsynt med naturkartlegging, kjeldekartlegging og risikovurdering av resultatata frå sedimentundersøkinga, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2015).

I følge Sweco sin miljøtekniske dokumentasjon er det gjennomført både sedimentgransking/prøvetaking, laboratorieanalysar og risikovurdering av resultatata.

Det er teke prøvar frå fem stasjonar, fire innanfor og ein litt nord for tiltaksområdet, men det er ikkje teke prøvar frå dumpestadene. Sedimenta er undersøkte for tungmetall, organiske miljøgifter, kornfordeling og innhald av organisk karbon (TOC) i samsvar med tilrådingane i Miljødirektoratet sin rettleiar for risikovurdering av ureina sediment (M-409/2015). Resultata frå laboratorieanalysane er haldne opp mot grenseverdiane som er gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota» (M-608/2016). Denne rettleiaren er eit verktøy for å kunne klassifisere sediment i fem tilstandsklassar ut frå innhald av miljøgifter.

Prøvematerialet frå stasjon VS1, VS2 og VS5 bestod av mellomsand med noko grov sand. Fargen var mørk, som følgjer av reduserande tilhøve (lite oksygen). Prøvane frå stasjon VS3 og VS4 inneheldt mellomsand og grovsand med noko grus. Lysare farge tyder på at det er oksygen til stades.

Resultata frå kjemiske analysar viser at tiltaksområdet er ureina med polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH), tungmetall og tribytyltinn (TBT). Stasjon VS1 og VS2 viser ureining med fleire PAH-stoff i tilstandsklasse III (moderat) og IV (dårleg). Stasjon VS2 er i tillegg ureina med TBT i klasse III og kopar i klasse V (svært dårleg). Sedimenta frå stasjon VS3 og VS4 er mindre ureina, men inneheldt eitt PAH-stoff som svarar til klasse III. Innhaldet av organisk stoff (TOC) i prøvane svarer til fire gonger verdien som vert nytta ved ei Trinn 1 risikovurdering. Mengd finstoff ligg rundt 10 %. Ureininga finst mest truleg i denne fraksjonen.

Sidan analyseresultatata overstig grenseverdien mellom klasse II og III, er det utført ei Trinn 1 risikovurdering som omfattar økologisk risiko jf. Miljødirektoratet sin rettleiar for risikovurdering. Resultata frå risikovurderinga viser at stasjon VS3 og VS4 inneheldt eit PAH-stoff som ligg like over grensa mellom klasse II og III, men ikkje over to gonger grensa. Desse stasjonane kan då sjåast på som reine. Stasjon VS1 og VS2 ligg lengst inn mot indre hamn. Toppsedimentet her inneheldt nokre PAH-stoff som overstig to gonger grensa mellom tilstandsklasse II/III. Ei samla vurdering av dei 10

Øvste cm av sedimenta viser difor at heile området ikkje kan friskmeldast. Stasjonane VS3 og VS4 er vurderte som reine, noko som kan tyde på at det ikkje er vesentleg spreiding av ureining frå indre hamn.

Human helse inngår ikkje i Trinn 1 risikovurderinga. Området vert ikkje nytta til fiske eller bading. Det kan då på generell basis seiast at ureiningsnivået ikkje representerer risiko for human helse.

Ved mudring og sprenging i sjøbotnen kan ureina sediment som alt er til stades i området, kunne verte virvla opp og spreidde utover grunna graving i sjøbotnen, detonasjonstrykket frå ladninga, vatn i rørslø og at sprengd stein vert kasta utover.

Sprengsteinmassar vart tidlegare rekna som reine massar, men røynsle frå ulike dumpe- og utfyllingstiltak dei seinare åra viser at slike massar inneheld både sprengstoffrestar og plastureining. I samband med sprenging vert det t.d. nytta tennsystem med skytestreng av plast. Plast som ikkje vert samla opp, vil kunne føre til ureining, anten ved at han vert spreidd gjennom vassmassane eller vert liggjande på botnen rundt tiltaksområdet. Plast i sjøen vert etter kvart nedbroten til stadig mindre fragment og endar til slutt som mikro- eller nanoplast. Nyare forskning syner at plastureining til slutt legg seg på sjøbotnen. Dyr som lever i sjøen kan forveksle slike små plastbitar med føde.

Sprengsteinmassane vil i tillegg til sprengstoffrestar og plast, også kunne innehalde fint steinstøv. Slike finpartiklar kan vere ein fare for fisk og andre sjølevande dyr med gjeller. Kor farlege dei kan vere, vil vere avhengig av kva type bergart som vert sprengd.

Det er, som nemnt ovanfor, ikkje gjort sedimentgransking på dumpefestaden.

Vurdering etter vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for å fastsetje miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Området der det er søkt om løyve til utdjuving, høyrer inn under vassførekomsten 0281000030-C Ryggsteinhavet, som igjen er ein del av vassområde Sunnfjord i vassregion Sogn og Fjordane.

Vasstypen er karakterisert som «open eksponert kyst» (www.vann-nett.no). Den økologiske tilstanden i vassførekomsten er klassifisert som «god», medan den kjemiske tilstanden er klassifisert som «dårleg» grunna funn av høge kvikksølvverdiar i krabbe i andre delar av vassførekomsten. Det er ikkje kjende utslipp frå industri eller avløpsanlegg i nærleiken av tiltaksområdet. Det ligg to akvakulturlokalitetar høvesvis ca. 840 m og 2 km frå tiltaksområdet, men det er grunn til å tru at desse ikkje har nokon verknad på tilstanden i området der det skal mudrast og dumpast.

Ut frå opplysningane som ligg føre, er dette er ein resipient med generelt god miljøtilstand. Etter vår vurdering er det ikkje noko som tyder på at tiltaket det er søkt om, vil føre til endring av tilstandsklassen til denne vassførekomsten, eller slik at han ikkje vil oppnå målet om minst tilstand «god», jf. føringane i vassforskrifta.

Vurdering etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12) skal leggjast til grunn i offentlege avgjerder som kan røre ved naturmangfaldet. Dette inneber at avgjerder skal byggjast på eit vitenskapleg kunnskapsgrunnlag, dei skal ivareta eit føre-var-prinsipp, og ein påverknad skal vurderast i samanheng med den samla belastninga som eit økosystem vert utsett for. I tillegg skal det nyttast miljøforsvarlege teknikkar og metodar til tiltaket.

Sprenging i sjøbotnen:

Sprenging under vatn kan, avhengig av storleiken på ladningane, føre til direkte skade på både fisk, virvellause dyr og sjøpattedyr over relativt lange avstandar. Det er særleg trykkbølgjene som oppstår

i etterkant av sprenging som kan føre til skade. Fisk med symjeblære er spesielt utsette. Fisk med lukka symjeblære (torsk) er meir utsette enn fisk med open symjeblære (laks), og små fisk er meir sårbare enn store. Blant dei virvellause dyra ser krabbe ut til å vere mest utsett for skade. Dyr som held til på sjøbotnen vil ha problem med å flykte når sprenginga tek til, sjølv om det vert skote skremmeskot på førehand.

Lydtrykket på ein gitt stad er avhengig av storleiken på salva og avstanden til staden det vert sprengt. Forsøk med målingar i samband med sprengingar i nærleiken av t.d. oppdrettsanlegg, viser at eit makstrykk på 10 kPa ikkje vil skade fisken. i tillegg vil leveområdet til botnlevande dyr og planter kunne verte påverka av sprengd stein og graving i botnen for å fjerne steinen.

Kunnskapen om korleis menneskeskapt støy påverkar livet i havet, har auka betydeleg dei siste 10-15 åra, men det finst framleis lite konkret kunnskap om kva støypåverknad over tid vil kunne ha å seie for sårbare artar.

Dumping av sprengsteinmassar:

Dumping av massar på sjøbotnen vil kunne påverke det marine miljøet i utfyllingsområdet ved at leveområde for dyr og planter som lever på botnen, vert dekkja over. I tillegg vil organismar som er spesielt kjenslevare overfor suspenderte partiklar, kunne ta skade av tiltaket.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I følgje Naturbase (Miljødirektoratet) er det ikkje registrert naturtypar som vert vurderte som viktige for biologisk mangfald i sjøen i og rundt tiltaksområdet. Det er heller ikkje registrert raudlista artar i området.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Sidan vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for naturmangfaldet i sjølve utsleppssaka er oppfylt, er ikkje føre-var-prinsippet aktuelt å vurdere nærare.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Fylkesmannen er ikkje kjend med at lokaliteten for tiltaket det er søkt om løyve for, vert påverka av andre tiltak eller aktivitetar i nærleiken som kan vere med på å auke den samla belastninga av økosystemet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltakshavar må dekke kostnadene med etablering av eventuelle avbøtande tiltak som må setjast i verk for å hindre ev. skade på naturmangfaldet så langt dette ikkje er urimeleg ut frå storleiken på tiltaket og skadeomfanget

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tiltaket vil vere ein tradisjonell utdjupingsjobb. Ulemper som t.d. verknad frå sprenging under vatn, er omtalte under avbøtande tiltak.

Vurdering av avbøtande tiltak og overvaking

For å hindre spreining av ureina sediment, må lausmassar i sprengingsområdet må difor fjernast før sprenginga tek til.

Sprenging i sjøbotnen vil skape trykkbølger som vil kunne føre til skade på fisk, fugl og anna dyreliv i nærleiken. I tillegg vil dumping av mudrings- og sprengsteinmassar kunne ha noko å seie for dyre- og plantelivet på botnen ved at habitatet vert dekkja til med lausmassar og steinstøv.

Bruk av siltgardin er ein vanleg metode for å hindre spreining av finstoff frå sprenging, mudring og dumping sidan finstoffet vil halde seg på innsida av gardina. Turbiditetsmåling og visuell inspeksjon er vanlege metodar for overvaking av finstoff ved tiltak i sjø, spesielt for å overvake effekten av ei siltgardin eller tilsvarande barrierar. Sweco har i sin rapport vurdert bruk av siltgardin til å ikkje vere

føremålstenleg på grunn av tidevasstraumar og bølger i området. For å hindre spreining av finstoff og ureining i dumpeområdet, må det øvste sedimentlaget (minst 10 cm) mudrast først og leggjast kontrollert nedst i dumpeområdet. Desse massane må vidare dekkast til med reine massar.

I førekant av sprenging, bør det skytast «skremmeskot» slik at fisk og andre symjande dyri nærleiken kan få høve til å rømme unna.

For å redusere skader på grunn av sprenging, kan det nyttast sekvensiell sprenging der kvar salve vert delt inn i fleire små salver. Berre første sekvensen i ei slik sprenging (typisk 1-3 borehol) gir trykkbølger av «betydning». Trykkbølgjene knytt til dei neste hola vil då i hovudsak bli absorberte i gassen som vert danna av føregåande sekvensar.

Tetting (fordemming) av borehola vil redusere verknaden av trykkbølgjene. Ved å syte for at lydtrykket der sårbare artar oppheld seg ikkje vert høgare enn maksimalt 10 kPa, vil ein unngå at dei vert skadde. Ut frå erfaringar frå sprenginga andre stader, vil fisken i akvakulturanlegga som ligg i nærleiken, ikkje ta skade av undervasssprenginga.

Det skal utførast kontroll under mudring, utlegging av mudrings- og steinmassar.

Ved sprenging i sjøbotnen vil plastureining i form av skyteleidningar kunne verte spreidd i vassmassane, eller kunne følgje sprengsteinmassane. For å redusere mengd plastureining, kan det nyttast tenningsystem med skyteleidningar som søkk (elektroniske tennarar). Dette har vist seg i vesentleg grad å redusere mengd plastavfall.

I samband med sprenging og dumping må det vere tilgang på utstyr t.d. lenser, som kan fange opp eventuell plastureining som flyt opp.

Fylkesmannen sine merknader til innkomne fråsegner

Fylkesmannen har gått gjennom dei innkomne høyringsfråsegnene, og vi har følgjande merknader:

Kystverket: Fylkesmannen meiner tiltaket kan gjennomførast ut frå tilrådingane frå Kystverket.

Sogn og Fjordane fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum: Fylkesmannen ber om at Askvoll kommune melder frå til Bergen Sjøfartsmuseum dersom det vert gjort marinarkeologiske funn i tiltaksområdet.

Værlandet Havhotell AS: Fylkesmannen meiner at sidan det ikkje søkt om å få leggje massar på land, så er ikkje denne fråsegna relevant i saka.

Konklusjon

Med bakgrunn i opplysningane som har kome fram i søknaden, og etter ei heilskapleg vurdering av kva samfunnsfordelar og miljøulempar tiltaket vil føre med seg, har Fylkesmannen kome fram til at vi kan gi løyve etter ureiningsforskrifta kapittel 22 til mudring og sprenging i sjøbotnen i Værøy hamn og til dumping av sprengings- og mudringsmassane på djupt vatn like nord for moloen..

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknaden er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i ureiningsforskrifta. Fastsetjing av gebyrsats skal baserast på ressursbruken knytt til handsaminga av søknaden.

Askvoll kommune vert med dette varsla om at Fylkesmannen vurderer å nytte gebyrsats 6 for handsaming av søknaden, dvs. kr. 26 00,-, jf. ureiningsforskrifta § 39-4 om gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av eksisterande løyve.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan tre veker. Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet tilbake etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjing av løyvet/vedtaket

Ålmenta skal gjerast kjend med vedtaket, jf. § 36-11 i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som har fått løyvet skal setje inn ei kunngjing i lokalpressa. Kunngjinga skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjingstekst skal sendast Fylkesmannen. Tiltaket skal varslast før arbeidet startar.

Fylkesmannen vil kunngjere vedtaket på sine heimesider www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Klima- og miljødepartementet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Eline Orheim
ass. fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi på e-post til:

Sogn og Fjordane Fiskarlag
Sweco Norge
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet region Vest
Værlandet Havhotell AS